

# Helsefellesskap Møre og Romsdal

## Referat

**Møte/utvalg:** Strategisk samarbeidsutval  
**Møteleiar:** Mona Ryste  
**Referent:** Bodil Haugen Våge  
**Møtenummer:** 5/2022  
**Dato:** 16.11.22  
**Tid:** 09.00 – 13:00  
**Stad:** Teams

Varamedlemar møter berre ved særskild innkalling.

Namn	Tittel	Møtt
<b>LSU Volda</b>		
Renathe Rossi-Kaldhol	<b>Leiar LSU Volda</b> Kommunalsjef Ørsta kommune	Forfall
Mona Ryste <i>Leiar Strategisk samarbeidsutval</i>	<b>Nestleiar LSU Volda</b> Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	Ja
<b>LSU Ålesund</b>		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	Ja
Siri Talseth-Frilund,	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	Ja
<b>LSU Molde</b>		
Tanja Thalen <i>Nestleiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	Ja
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	Fråfall
<b>LSU Kristiansund</b>		
Ingeborg Johnsrud Dyrnes	Leiar LSU Kristiansund Kommunalsjef helse, Smøla kommune	Britt Iren Bæverfjord
Kjell Åsmund Bryn	Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinikk SNR	Ja
<b>Brukarepresentant kommune</b>		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	Forfall
<b>Brukarepresentant helseføretak</b>		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	Forfall
<b>Fastlege/PK</b>		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	Blir med fyrste del
Thilde Svela	Fast vara fastlegar/PK Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	Forfall
<b>Observatør Statsforvaltaren</b>		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	Ja
<b>Felles samarbeidssekretariat</b>		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssekretariat	Ja
Karethe Kristoffersen Aam	Samhandlingsrådgjevar	Ja
Alf Reistad	Romsdal Regionråd dagleg leiar (ROR), nestleiar Felles samarbeidssekretariat	Forfall

## Helsefellesskap Møre og Romsdal

### Referat

Bjørn Buan	Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal kommune	ja
Bodil Haugen Våge	Samhandlingskoordinator Nordre Sunnmøre rådgjevar Ålesund kommune	ja
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	ja
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	ja

Referat:

Sak nr.	Sak	Ansvarleg
34/22	<p>Velkommen Godkjenning av innkallinga</p> <p><b>Referat:</b> Godkjent</p>	Mona Ryste
35/22	<p>Godkjenning av referat frå førre møte Sjå referatet <a href="#">HER</a></p> <p><b>Referat:</b> Godkjend</p>	Mona Ryste
36/22	<p>Handlingsplan behandlarsamarbeid</p> <p><b>Referat:</b> <a href="#">Lenke til Handlingsplan Fagleg samarbeidsutval for behandlarsamarbeid.</a></p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned i arbeidet med handlingsplanen for Faglig samarbeidsutval for behandlarsamarbeid av det faglege samarbeidsutvalet og gjennom innspel frå dei lokale samarbeidsutvala.</li> <li>2. Strategisk samarbeidsutval ber om at innspela som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 16.11.22 blir vurdert innarbeidd i handlingsplanen eller ved rullering/ revisjon.</li> <li>3. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for Faglig samarbeidsutval for behandlarsamarbeid slik den er framlagt.</li> <li>4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen.</li> </ol>	Stian Endresen Mariann Gammelsæther
37/22	<p>Handlingsplan svangerskap, fødsels- og barselomsorg</p> <p><b>Referat:</b> <a href="#">Lenke til Handlingsplan Fagleg samarbeidsutval for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.</a></p>	Elin Ytterbø Elisabeth Sogge

## Helsefellesskap Møre og Romsdal

### Referat

	<p><b>Forslag til vedtak:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned i arbeidet med handlingsplanen for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg av det faglege samarbeidsutvalet og gjennom innspel frå dei lokale samarbeidsutvala.</li> <li>2. Strategisk samarbeidsutval ber om at innspela som kjem fram i møtet i Strategisk samarbeidsutval 16.11.2022 blir vurdert innarbeidd i handlingsplanen eller ved rullering/ revisjon.</li> <li>3. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg slik den er framlagt.</li> <li>4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen.</li> </ol>	
38/22	<p><b>Handlingsplan IKT-løysingar og elektronisk samarbeid</b></p> <p><b>Referat:</b> Fagutvalet ynskjer å endre tittelen til <b>Handlingsplanen for teknologi og digitalisering</b>. Publisert her: <a href="#">Faglig samarbeidsutval for IKT-løsninger og elektronisk samarbeid - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)</a></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned i arbeidet med handlingsplanen for Fagleg samarbeidsutval for IKT-løysingar og elektronisk samarbeid og gjennom innspel frå dei lokale samarbeidsutvala.</li> <li>2. Strategisk samarbeidsutval ber om at innspela som kjem fram i møtet i Strategisk samarbeidsutval 16.11.2022 blir vurdert innarbeidd i handlingsplanen eller ved rullering/ revisjon.</li> <li>3. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg slik den er framlagt.</li> <li>4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen.</li> </ol>	Odd Arne Maridal
39/22	<p><b>Handlingsplan/Samarbeidsstrategi for Helsefellesskapet M&amp;R</b></p> <p><b>Referat:</b> <b>Vedtak:</b></p>	Bodil Våge

## Helsefellesskap Møre og Romsdal

### Referat

	<p>1. SSU oppnemner ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal for perioden 2023-2026. Handlingsplanen skal presenterast i SSU 14.06.23.</p> <p>2. Samarbeidssekretariatet samarbeider med LSUane om oppnemning av arbeidsgruppa, frist 01.01.23, oppstart primo 2023. Det er ynskjeleg at der er ein overlapp mellom LSU og arbeidsgruppa med fire frå helseføretaket og fire frå kommunal side. Samarbeidssekretariatet stiller med minst ein person som sekretariatressurs i gruppa.</p> <p><b>3. Mandat:</b> Arbeidsgruppa konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar. Arbeidsgruppa innarbeider lovkrav i høve til samhandling og styringsinformasjon for Helsefellesskap. Arbeidsgruppa innarbeider tiltak frå handlingsplanane til dei faglege utvala. Tiltak retta mot dei <b>dei fire prioriterte pasientgruppene for Helsefellesskap</b> bør identifiserast spesielt. Arbeidsgruppa evaluerer og oppgraderer handlingsplanen årleg i høve til gjennomføring ilag med dei faglege utvala og presenterer dette i SSU sitt fyrste årlege møte.</p>	
40/22	<p>Status implementering Pakkeforløp heim kreft</p> <p><b>Referat:</b></p> <p>Vedtak:</p> <p>SSU forlenger tidsramma for arbeidsgruppa Pakkeforløp hjem kreft til førebels mars 2023.</p>	Tanja Alme
41/22	<p>Revisjon av samarbeidsavtalen 2025</p> <p><b>Referat:</b></p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. SSU ber samarbeidssekretariatet starte ein prosess for oppnemning til forhandlingsutval for ny revisjon av samarbeidsavtalen, som vert lagt fram for SSU i møte 18.01.23 for godkjenning.</li> <li>2. SSU ber samarbeidssekretariatet legge fram tilråding om ein skal velje intern eller ekstern forhandlingsleiar, sekretariatsressursar, samt kostnadssdeling i møte 18.01.23 for endeleg vedtak.</li> <li>3. SSU ber samarbeidssekretariatet legge fram mandat som er forankra hos aktuelle interessentar i HMR og kommunane, i møte 18.01.23 for endeleg vedtak.</li> <li>4. SSU ber samarbeidssekretariatet gå i dialog med dei ulike utvala på alle nivå i helsefellesskapet for</li> </ol>	Eli Otterlei Karethe K. Aam



## Referat

	<p>evaluering og eventuell justering av struktur i ny avtale.</p> <p>5. SSU tilrår at ein arbeidar vidare etter skissert framdriftsplan som justerast etter behov. Endeleg avtale til godkjenning må ligge føre innan 01.10.24.</p> <p>6. SSU vedtek at målform for revidert samarbeidsavtale 2025 skal vere nynorsk.</p> <p>7. SSU ber om å bli halde fortløpende orientert om arbeidet.</p>	
42/22	<p><b>Leiing av Felles samarbeidssekretariat</b></p> <p><b>Referat:</b></p> <p>Orienteringssak:</p> <p>Kommunane tek over leiinga i samarbeidssekretariatet frå og med 1. juli 2023.</p> <p><b>Vedtak:</b> SSU tek saka til orientering.</p> <p><b>Saksopplysningar:</b></p> <p>I samsvar med Samarbeidsavtalen skal helseføretaket og kommunane dele på å leie samarbeidssekretariatet i 2 års periodar, jmf. Samarbeidsavtalen pkt 5.5.2.</p> <p>Helseføretaket har ivaretake fyrste 2 års periode som leiar i samarbeidssekretariatet med nestleiar frå kommunal side og har sidan før ferien 2021 sikra leiing og framdrift i samarbeidssekretariatet på ein god måte.</p> <p>Fordeling av ansvar og oppgåver i denne perioden er slik:</p> <p>HMR HF                    Leiar og innkalling til møter.</p> <p>Kommunene      Nestleiar og referent.</p> <p>Det betyr at det er naturleg at kommunane tek over leiarvervet frå om lag 1. juli 2023 med nestleiar frå HMR HF. Sekretariatet konstituerer vidare seg sjølv med ei tydeleg arbeidsfordeling i som sikrar framdrift i høve møteårshjulet og oppgåver der ein skal bistå Strategisk samarbeidsutval SSU og Partnerskapsmøte.</p> <p>Samarbeidssekretariatet bør ha møter jamnleg, både på teams og fysiske.</p> <p>Leiar/ nestleiar i SSU og Partnerskapsmøte bør delta med jamne mellomrom.</p> <p><b>Vurdering</b></p> <p><b>Konsekvensar (økonomiske, faglege, miljømessige, andre)</b></p> <p>Planar for dette er drøfta og forankra hos leiarane i regionråda og dei kommunale samhandlingskoordinatorar.</p>	Bodil H. Våge Oddvar Marøy
43/22	Evt.	